

Cecilie Berger og John Henrik Staveland-Sæter
Utekontakten i Stord kommune

FØRE VAR



Hovudfunn:

- Mindre illegal Metadonbruk
- Auke i bruk av Xanor
- Auke i bruk av og tilgang på amfetamin
- Auke i bruk av kokain

Spesialfokus: Kartlegging av bruk av Anabole androgene steroider blant unge i Stord/ Fitjar

Innhald

Kva er Føre Var?	2
Kjelder	3
Behandling av data	4
Funn Føre Var vår 2014	5
Spesialfokus	11
Oppsummering	13
Appendiks	14
Takk til.....	20
Litteratur	20

Kva er Føre Var?

Føre Var er systematisk overvaking av rustrendar i Stord kommune. Systemet er utarbeidd av Stiftelsen Bergensklinikkene (Kompetansesenter rus - region vest Bergen), og er blitt brukt i Stord kommune sidan 2005. Gjennom Føre Var er me i stand til å gje ein rask og påliteleg identifikasjon, overvaking og rapportering av lokale trendar og tendensar når det gjeld rusmiddelbruk. Hovudmålet med denne typen rapportering, er å forkorta tidsspennet frå nye rusmiddelrendar oppstår ute i miljøa, til informasjonen om dette når fagmiljøet i kommunen. På den måten kan ein jobba meir målretta ved å vera betre førebudd i arbeidet med rusrelaterte problem. For å forkorta dette tidsspennet, er det viktig at Føre Var blir gjennomført regel-messig. Utekontakten har sidan 2005/06 utgitt to rapportar i året .

Nokre av rusmidla me rapporterar om blir ikkje eigentleg definert som rusmiddel, men er medisinar som kan misbrukast. Difor er også denne bruken interessant for Føre Var. Funna i denne rapporten er baserte på data frå oktober 2013 til mars 2014. Eventuell auke og nedgang reknar me ut frå perioden før, frå april til september 2013, for å få fram tendensar innan rusmiddelbruken på Stord. Når det gjeld alkohol, har me valt å også samanlikna vinterhalvår mot vinterhalvår, då me veit at årstid spelar inn i bruksmønsteret for alkohol.

Målsetjing

Målsetjinga for Føre Var i Stord kommune er å innhenta pålitelege og oppdaterte data om rusvanar innan ulike miljø. Det me ynskjer å kartleggja er:

- Bruk av nye rusmiddel
- Endringar i bruk av etablerte rusmiddel
- Endring i tilgang på ulike rusmiddel

Fordelar med Føre Var


Det fins mykje kunnskap om den lokale russytuasjonen blant ulike instansar og personar i kommunen. Mykje av denne kunnskapen er ofte "låst", då det ikkje er noko system for å dela denne informasjonen. Ved å samla og systematisera denne informasjonen, og få den inn i eit heilskepleg bilete, kan ein betre vera føre var. Når ein får fram relevant informasjon på eit tidleg tidspunkt, kan fagfolk gjera evidensbaserte vedtak, og raskare setja i gong meir effektive tiltak.

Framgangsmåte

Det er Utekontakten i Stord kommune som har gjennomført undersøkinga og som står bak denne rapporten. Me har samla inn kvalitative og kvantitative data, dvs. data frå salsstatistikkar, beslagsdata og informasjon frå eit handplukka trendpanel. Opplysningane me har fått, er analysert og kvalitetssikra ved å samanlikna, og gje ulik vektning på ulike kjelder (sjå appendiks, s.14).

Kjelder

Fig. 1. Kjeldeoversikt



"Trendpanel" kallar me dei personane me får informasjon frå innan tre ulike arenaer i Stord-samfunnet; profesjonelle, uteliv og miljø. Med arena miljø meiner me personar i miljø der rus tidleg blir oppdaga og/eller brukt. Uteliv består av personar som jobbar i/driv utestadar, og med god kjennskap til utelivsarenaen. Den profesjonelle arena består av fagfolk som jobbar innan eller i tett kontakt med rusfeltet her på Stord.

Trendpanelet består denne gong av til saman 26 personar. Desse personane har vore plukka ut med tanke på deira "ekspertkunnskap" frå innsida av rusmiljø i kommunen både når det gjeld brukstrender og tilgang. Personane som utgjør trendpanelet er anonymiserte i rapporten. Me har nytta både spørreskjema, fokusgrupper og ein-til-ein-intervju i innhentinga av data frå trendpanelet.

Ei anna viktig kjelde i Føre Var er statistiske data. Dette er data som blir innhenta og rapportert regelmessig. For å kunna bruka denne informasjonen, må data vera tilgjengelege, nøyaktige, relevante og kunna rapportera innan vår rapporteringstid.

Me har i denne rapporten brukt 15 kjelder for statistiske data:

- Tollvesenet - tal på og storleik på beslag
- Politiet - drukkenskapsarrestar og promillekøyting
- Stord kommune – tal på skjenkeløyve og utsalsstader
- Tre lokale apotek – salstal utvalde medikament, sprøyter og kanylur
- Vinmonopolet - salstal frå Stord
- Alkoholsal frå to serveringsstadar
- Salstal for alkohol frå tre daglegvare butikkar
- Oppslag i pressa, frå nettavisene til Bladet Sunnhordland og Haugesunds Avis
- Ungdomsundersøking i Stord og Fitjar 2013

Behandling av data

Nesten ingen av datakjeldene som blir brukt til rapporten er direkte samanliknbare. Men det er nyttig å plassera dei ved sida av kvarandre for å prøva å sjå mønster, samanhengar og motsetnader. Dei ulike kjeldene er vekta ulikt på bakgrunn av at me meiner nokre kjelder gjev eit meir korrekt bilete på det faktiske livet enn andre. Vinmonopolet og daglegvarebutikkane er til dømes vekta høgt i høve til det å kunna gje indikasjonar på bruksmønster av alkohol (for nærare detaljar sjå appendiks, s. 14).

Dei statistiske data frå både Politiet, Tollvesenet og apoteka inneheld relativt små tal og må difor tolkast med varsemd. Stord er ein forholdsvis liten stad, og tala vil vera små frå desse kjeldene. Få personar vil kunne ha stor innverknad på statistikkane. Om til dømes eit medikament blir skriva ut i større mengder til eit par personar, vil dette kunna gjera store utslag i apotektala. På same måte kan få personar gå igjen i politiet sine tal. Vidare vil talet på politiet og tollvesenet sine beslag variera i høve til bemanning, aktivitet og satsingsområde.

Funn frå media ser me på som mindre pålitelege i høve bruk og tilgang på ulike stoff, og desse er følgjeleg lågt vekta. Me trur likevel at desse funna kan vera med å gje ein indikasjon på endringar, og har difor valt å teke dei med.

Sjølv om tala me får frå dei ulike kjeldene kan vera både små og til tider sensitive, ser me det som interessant å bruka alle desse data. Samla kan dei vera med på å gje et bilete av korleis situasjonen er.

Funn Førre Var vår 2014

Mindre illegal Metadonbruk

Metadon er eit syntetisk stoff med liknande effekt som morfin, som originalt blei produsert under andre verdskrigen for å behandla sterke smerter. I dag blir Metadon tilbydd som ein del av legemiddelassistert rehabilitering (LAR) til personar som er avhengige av heroin og andre opioidar. Metadon har lang verketid, og blir innteke gjennom munnen.

I Førre Var ser me primært på den illegale bruken av medikament. For mange ulike medikament ser me at apoteksal også verkar inn på tilgjenge på stoff på den illegale marknaden. Det har vore nedgang i sal av Metadon frå alle dei tre apoteka i denne perioden, samanlikna med førre periode. Trendpanelet melder også om ein sterk nedgang i Metadonbruk. Det blir sagt frå trendpanelet at færre no får utdelt Metadon lovleg, og at det dermed er vanskelegare å få tak i det illegalt. Fleire i LAR-behandling har måtta gå over til Subuxone. Ein brukar seier at at det per i dag ikkje er gatesal av Metadon.

Prisen for 100 mg metadon blir oppgitt å være 500 kroner. Ein er ikkje kjend med andre slenguttrykk for Metadon.

Auke i bruk av Xanor

Xanor er eit legemiddel innan gruppa benzodiazepiner, med verkestoffet alprazolam. Medikamentet verkar dempende på sentralnervesystemet, og vert føreskrive ved panikkangstsymptom. I ein del andre land er legemiddel med verkestoffet alprazolam kjent som Xanax. Xanor blir ofte brukt i kombinasjon med andre rusmiddel, som til dømes cannabis og/ eller alkohol.

I denne perioden rapporterar trendpanelet om sterk auke i den illegale bruken av Xanor. Enkelte i trendpanelet hevdar at Xanor har vore lettare tilgjengeleg i denne perioden samanlikna med førre periode. Samla sett blir det likevel ikkje rapportert om endring i tilgangen på Xanor.

To av apoteka melder om auka sal av Xanor, medan eit av apoteka melder om nedgang.

Beslagsdata frå Tollvesenet syner ei auke i mengde beslaglagd Xanor. Det har også vore auke i talet på beslag. Det er her snakk om forholdsvis små tal.

Det kostar mellom 75 og 100 kroner for ein 2mg tablett Xanor. Kalle-namn som blir brukt på Xanor er X, X'a(ra), stolpe, taffelsticks og alpro.

Auke i bruk av og tilgang på amfetamin

Amfetamin og metamfetamin er sentralstimulerande stoff, noko som inneber undertrykt søvnbehov og stimulering av hjarte- og karsystemet. Metamfetamin og amfetamin er kjemisk nært i slekt. Me har valt å ikkje skilje mellom amfetamin og metamfetamin i denne rapporten, då brukarane i liten grad sjølv skil mellom desse. Det blir sagt at ein tek det som er til sals, uavhengig om det er det eine eller det andre.

Føre Var har hatt auke i bruk og/ eller tilgang på amfetamin som hovudfunn i ti av dei 15 rapportane som har kome ut etter 2007. Dette gjev eit bilete av at amfetaminbruk har hatt ei aukande trend dei siste åra. I Føre Var haust 2011, vart det sagt at det hadde vore ei veksande rekruttering til rusmiljøet med amfetaminbrukarar det siste året. Det blei også sagt at mange debuterte på illegale rusmiddel med amfetamin, og somme hevda at dette nesten var på same nivå som cannabis.

Amfetamin er eit av dei rusmidla som blir mest brukt, i følgje våre kjelder. Trendpanelet frå både miljø og profesjonelle melder om sterk auke i bruk og tilgang på amfetamin. «Amfetamin er veldig billig for tida», skriv ein av personane. Fleire melder om at det er lett å få tak i.


Tollvesenet har hatt ei auke både i tal på beslag og beslaglagd mengd amfetamin og metamfetamin siste periode.

Tal på lokale medieoppslag har gått ned siste periode. «Politiet fann amfetamin» (Sunnhordland, 23.11.13), og «Narkohandelen gjekk i dass» (Sunnhordland, 27.03.14) er døme på overskrifter i medieoppslag der amfetamin var omtala siste perioden.

Helsemessige og sosiale konsekvensar ved amfetaminbruk blir sagt å vera omfattande. Sår, abcessar, tannrøte, angst, depresjon og problem i høve familie og økonomi er ulike konsekvensar som blir nemnt i samband med amfetaminbruk. Den ureine huden, med mykje sår og skadar gjer bruken av metamfetamin meir synleg enn amfetamin.

Kaffi, kvitt sukker, up&go, pluss, guff, nipnop, arbeidslyst, joggis eller joggesko er nokre av dei siste kallenamna me har høyrte på amfetamin, i tillegg til speed, fart og opp. Prisen blir oppgitt å vere mellom 400 og 800 kroner per gram, flest seier 5-600.

Fig. 2. Aggregert differanse for Amfetamin. Trend frå Føre Var Stord 2005-2014



Auke i bruk av kokain

Kokain er eit kraftig sentralstimulerande stoff. Røyking, injisering og sniffing av kokain gjev ein hurtig og kraftig rus, med stor fare for utvikling av avhengigheit. På gata vert kokain selt i to former, som kokainklorid og som reine kokainkrystallar. Kokainklorid er som oftast sterkt utblanda, og pulveret er ofte klumpete. Pulveret vert delt opp og sniffa. Kokainklorid vert omtalt som coke, snow, flake eller blow. Kokainkrystallar, blir ofte omtalt som crack, og er rein kokain. Crack vert varma opp i vannpipe eller sigaretter. Crack gjev særskilt stor fare for å utvikle avhengigheit. Verknaden av kokain er avhengig av inntaksmåte og mengde. Rusen er intens, men kortvarig (www.fhi.no).

Kokain har me i lita grad rapportert om i tidlegare Føre Var- rapportar, då me berre sporadisk har fått informasjon om at stoffet er tilgjengeleg og brukt på Stord. I denne perioden ser me at det er fleire som har kjennskap til at kokain vert brukt, og at det har vore ein aukande tendens i bruken av dette rusmiddelet

Trendpanelet rapporterar om auke i bruk av kokain. Det er i hovudsak kjelder i trendpanelet med kjennskap til arenaen miljø som stadfestar denne auken. Frå ein i arena profesjonelle fekk me høyra at «me høyrer lite om kokainbruk, men me kan sjå det på prøvar». Tollvesenet har ikkje hatt beslag av kokain i denne perioden.

Kokain blir nemnt brukt i kombinasjon med andre rusmiddel, som til dømes alkohol og amfetamin.

Kallenamn som blir brukt lokalt på kokain er brus, cola, coke, snort, smack, partydop og rikmannsdop. Eit gram kokain kostar i følgje våre kjelder mellom 1000 og 1800 kroner.

Inga endring for alkohol

Alkoholsalet og bruk av alkohol svingar frå sommar- til vintersesong. Me har gjennom Føre Var- rapporteringa sett ein tendens til at det blir selt og konsumert meir alkohol i sommarhalvåret samanlikna med vinterhalvåret. Difor ser me det som naturleg å samanlikna sesong mot sesong i tillegg til periode mot periode når det gjeld alkohol.

Alkohol er det rusmiddelet som flest nemner som mest brukt, også innanfor miljø der illegale rusmiddel er nytta. Alkohol er også ofte nemnt brukt i kombinasjon med mange andre rusmiddel og medikament, mellom anna cannabis, amfetamin, kokain og benzodiazepiner.

Trendpanelet rapporterer om ei mengd helsemessige sosiale vanskar knytt til alkoholkonsum. Fysisk forfall, depresjon og angst, isolasjon og relasjonspromblem, vald, ulukker, økonomiske problem og alkoholdemens er nokre av dei negative konsekvensane trendpanelet rapporterer om i samband med omfattande alkoholbruk.

Trendpanelet melder at det ikkje har vore noko endring i tilgang på eller bruk av alkohol den siste perioden. Utestadene me har salstal frå rapporterer om nedgang den siste vinteren samanlikna med vinteren før.

Daglegvarebutikkane sine tal visar inga betydeleg endring i alkoholsalet den siste vinteren samanlikna med vinteren før. Heller ikkje Vinmonopolet har særleg endring i salstala, verken i høve periode eller sesong.

Tollvesenet har beslaglagt meir alkohol siste perioden enn både sist sommarhalvår og sist vinterhalvår. Talet på beslag har vore stabilt.

Talet på ordensforstyrringar har siste vinteren gått litt ned samanlikna både med førre vinter og med sommarhalvåret i fjor. For køyring i påverka tilstand er det også ein liten nedgang, i følgje tal frå politiet. Talet på oppslag i media har auka siste vinterhalvår. «-Frå dette tidspunktet er alt svart» (Sunnhordland, 29.11.13) og «Endeleg kan Keiser skåla» (Sunnhordland, 07.02.14) er døme på oversikrifter i mediasaker som omtalar alkohol siste periode.

Talet på skjenkebevillingar og salsløyve for alkohol i butikk som Stord kommune har denne perioden halde seg noko lunde stabilt. Per mai 2014 er her 13 skjenkeløyve og 12 salsløyve for butikk.

Andre medikament og rusmiddel

For dei fleste andre rusmiddel og medikament enn dei me har presentert som hovudfunn er det denne perioden relativt stabilt med tanke på bruk og tilgang. For enkelte av rusmidla me registrerar er talmaterialet svært lite. Me har derfor valt å ikkje presentere desse i rapporten, sjølv om trendpanelet melder om endring for enkelte av desse. Me følg med desse vidare, og kjem sjølv sagt til å ha funna våre også frå denne perioden med i framtidig kartlegging. Vidare her presenterar me funn frå nokre rusmiddel og medikament som me tidlegare har hatt som hovudfunn eller som nyleg har dukka opp på rusarenaen på Stord:

Cannabis

Cannabis er det illegale rusmiddelet som blir mest brukt, anten i form av hasj, marihuana eller cannabisolje. Gjennom dei ni åra me har kartlagt rustrendar her i kommunen, har trenden for cannabisbruk stige jamt og trutt. Denne perioden ser me samla sett ei stabilisering i tilgang på og bruk av cannabis. Det er likefult framleis det rusmiddelet flest i trendpanelet meiner at flest brukar, og det som blir kombinert med omtrent alle andre rusmiddel. «Hasjbruken er jamt høg», «hasjen er alltid med», «hasj tel me nesten ikkje med» og liknande utsegnar høyrer me frå både miljøarenaen og profesjonelle i trendpanelet.

Tollvesenet har hatt ein nedgang i tal på beslag og beslaglagt mengd cannabis denne perioden. Trendpanelet ser samla ikkje endring i tilgangen på cannabis, nokre hevdar jamvel at det har vore ei lita «tørkeperiode» på hasjen denne siste seinvinteren. Totalt melder likevel trendpanelet igjen om ei gradvis auke i bruk. Media har ikkje hatt endring i tal på omtalar av hasj eller cannabis. Når det gjeld helse- og sosialmessige konsekvensar ved cannabisbruk, er det i stor grad utsegn frå profesjonelle som ligg til grunn for funn. Her er ikkje noko nytt, men hasj blir halde fram som ei medverkande årsak til dårleg psykisk helse, som paranoiditet, angst, sosial angst, og for mange ekskludering frå det ordinære samfunnet ved å hamne utanfor skule/ arbeid.

Prisane me få oppgjewe på cannabis/ hasj ligg på 150- 200 kroner per gram. Kallenamn; gall, tjall, G, røyk, blås, bom, grønnsaker.

Rivotril

Rivotril er eit legemiddel med verkestoffet klonazepam, som blir brukt til behandling av epilepsi. Rivotril blir brukt illegalt som rusmiddel fordi det mellom anna vil kunne forsterke effekten av opioidar og alkohol. Føre Var har fleire gonger tidlegare meldt om eit høgt illegalt forbruk av Rivotril. Trendpanelet held framleis på ei gradvis auke i bruk av medikamentet, men inga endring i tilgang. Apoteka sine tal syner lita endring i salet av Rivotril legalt. Tollvesenet har ikkje hatt beslag av Rivotril siste periode.

På den illegale marknaden kallast Rivotil til dømes runde, drops, pops, riv, rivo/ rivara hjulkryss eller kryss. Det blir sagt at ein kan få tre tablettar for hundre kroner.

Subutex

Subutex er eit syntetisk opioid, som inneheld verkestoffet buprenorfin og blir brukt i legemiddelassistert rehabilitering. I dei siste åra har trendpanelet vårt rapportert om auke i den illegale bruken av Subutex. Denne auken ser denne gong ut til å ha stagnert. Fleire melder jamvel om at det har vore vanskelegare å få tak i Subutex i det siste, og me høyrer frå fleire hald at dette kan ha samband med at det er færre lokale som reiser på «medisinturar» til Belgia for tida. Prisen på Subutex ligg for det meste på 400 kroner per 8mg tablett, og kallast oftast sub, dub, bus eller medisin.

Dopingmidlar

Dopingmidlar, eller Anabole Androgene Steroidar (AAS), har gjennom fleire periodar hatt ei auke i tilgang og bruk. Funn frå denne siste perioden ser ut til at det no har stabilisert seg. Sjå også spesialfokus s. 10 om kartleggingsrapporten som vart gitt ut i mai om bruk av Anabole Androgene Steroidar blant ungdom på Stord og Fitjar.

Lyrice

Lyrice tilhøyrer ei gruppe legemiddel som blir brukt for å behandle epilepsi, nevropatisk smerte og generalisert angstlidning, men blir også brukt illegalt for å framkalle rusverknad. Me rapporterte både Føre var vår og haust 2013 at dette var noko me høyrte om frå nokre kjelder.

Me har framleis nokre få kjelder som seier noko om bruk og tilgang på Lyrice, og dette blir nemnt som nytt rusmiddel frå fleire hald. Auke i bruk av Lyrice var også noko som Føre Var Bergen hadde som hovudfunn hausten 2013. Me vil halde fram med å følgje med på bruken av medikamentet. At det har auke i Bergen, fører gjerne til at me også ser auke her lokalt.

LSD

LSD er syntetisk framstilt hallusinogen, som påverkar sentralnervesystemet og framkallar sansebedrag, illusjonar og hallusinasjonar. Dette er eit «gammalt» rusmiddel, som me har høyrte lite om på Stord i tida me har drive med rustrendkartlegging. Denne perioden har LSD blitt nemnt frå fleire kjelder, noko som kan tyde på at det er i omløp. Ein av personane frå miljøarenaen fortalde at det er veldig lite LSD her og at han ikkje våga å bruka det, «det er jo syra!». Men han nemnte «kunstig syra», også kalla 2CB som eit alternativ som han vågde å prøva. Dette skal innehalda same verkestoff som ecstasy.



Spesialfokus vår 2014:

Lokal undersøking om bruk av Anabole Androgene Sterioder (AAS) blant ungdom og unge voksne i alderen 13-23 år i Stord og Fitjar kommune

Det har dei siste åra vore eit auka fokus på bruk av androgene anabole steroider (AAS) på Stord. Ulike medieoppslag, artikkelseriar i Sunnhordland og Førre Var- rapportar frå Utekontakten, har alle via merksemd til temaet. Antidoping Norge hevdar at bruk av AAS er eit stort problem. Med bakgrunn i dette blei det i politirådet i Stord kommune etterspurt ei vidare og meir grundig kartlegging om bruk av AAS blant ungdom og unge voksne i Stord kommune. Også i Fitjar kommune var temaet aktuelt. Det blei derfor naturleg at Fitjar blei med som kartleggingskommune. Ei tverrfagleg kartleggingsgruppe vart nedsett for å kartleggje grundig korleis stoda lokalt var for dopingbruken. For å avgrense kartlegginga blei det sett på bruk av AAS blant ungdom og unge voksne i alderen 13-23 år.

Før kartlegginga starta stilte kartleggingsgruppa nokre spørsmål dei ville finne svar på. Blant anna kva som kjenneteikna brukarane og kva som eventuelt blei gjort av hjelpeapparatet ovanfor brukarane. Gjennom kartlegginga kunne ein ikkje konkludere med at brukarane av AAS var stereotyper. Det kom likevel fram at størstedelen av dei som brukar AAS fell utanfor den organiserte idretten. Dei fleste som brukar AAS er gutar, men bruk av AAS førekjem også blant jenter. Kjeldene i kartlegginga meina at bruk av AAS førekjem blant «vanlege folk», hovudsakleg mellom 19-40 år. Det vil seie at ein ikkje fann ein stor andel av AAS-brukarar i målgruppa for den aktuelle kartlegginga.

Gjennom kartlegginga fann ein ikkje at verken Stord- eller Fitjar kommune har spesielle tiltak ovanfor personar som brukar AAS. Kontakten med brukarane vert ofte oppretta grunna andre problem, og at AAS-bruk ofte ikkje kjem opp som ei aktuell problemstilling.

Kartleggingsgruppa ville også finne ut kva kompetanse personar i hjelpeapparatet har om bruk, bruksmønster og eventuelle skadeverknader av AAS-bruk. Gjennom intervju med representantar frå hjelpetenester som har eller har hatt kontakt med personar som brukar AAS, blir kompetanseheving etterspurd. Dei fleste meiner at ein treng større kunnskap om AAS både for å kunne kartlegge eventuell bruk hjå personar dei har kontakt med, samt biverknadene ved eventuell bruk. Dette for å best mogleg kunne gje rett hjelp til rett tid.

Den store merksemda som har blitt via AAS-bruk i media kan tyde på at dette er eit stort lokalt problem. Kartleggingsgruppa

kan ikkje med denne kartlegginga stadfeste denne påstana. Dette kan ha ulike årsaker. Ei av årsakene kan vera at kartleggingsgruppa ikkje i stor nok grad har klart å finne fram til dei ungdommane som eventuelt brukar AAS. Dette kan vere fordi miljøet kring AAS er lukka og lite gjennomsiktig, noko som kan ha blitt ytterlegare forsterka etter kriminalisering av bruk av AAS. Ei anna årsak kan vere at AAS-bruk rett og slett ikkje er eit utbreidd problem i målgruppa for denne kartlegginga (13-23 år). Kartlegginga viser likevel at det er personar som brukar AAS i målgruppa. Dette kan vera, og utvikla seg til å bli, eit stort og alvorleg problem for dei det gjeld og omgjevnadene.

Rapporten munnar ut i ein handlingsplan. Målsetnaden med handlingsplanen er å redusera bruk av AAS og dermed redusera risikoen for ukjende konsekvensar ved bruk. Ei anna målsetjing er å identifisera personar som brukar AAS på eit tidleg tidspunkt, og gje desse tilbod om oppfølging. Kompetanseheving i hjelpeapparatet og spreiding av kunnskap i den generelle befolkninga, kan bidra til å nå desse måla.



Oppsummering

Denne Føre Var- rapporten frå vår 2014 er den 17. rapporten Utekontakten gjev ut om rustrendar i Stord kommune. Me kan dermed sjå på trendar for bruk og tilgang på ei rekkje rusmiddel over ein periode på ni år.

Hovudfunna frå denne perioden er auke i amfetamin, Xanor og kokain. Metadonbruken har ein nedgang. Alkoholbruken svingar frå sommar til vinter, og den siste vinteren ser me ein stabil bruk i høve førre vinter.

Amfetamin har gjennom Føre Var blitt registrert med aukande trend heilt sidan 2007, og me har frå ulike hald informasjon om at amfetaminbruk blir meir og meir akseptert som fest-rusmiddel. Våre kjelder representerer i stor grad det tyngre rusmiljø, men det er ikkje utenkeleg at også «rein» ungdom lettare kan kome i kontakt med amfetamin når stoffet breier om seg. Siste ungdomsundersøkinga gjort i Stord kommune (2013) visar likevel at berre 0,5% av dei spurte har prøvd amfetamin. Det å ha fokus på rusmiddelet og dei konsekvensar amfetaminbruk kan føre med seg, vil i eit førebyggjande perspektiv vera viktig.

Medikamentet Xanor, som pasientar med panikksyndrom kan bli behandla med, har me også tidlegare hatt hovudfunn på i Føre Var. Det kan verke som at dette medikamentet er eit av fleire som i bølgjer er populært å nytta som rusmiddel.

Kokain har me gjennom åra med rustrendovervaking høyrte lite om i Stord, og berre nokre få har kjent til at stoffet har blitt brukt her, litt til og frå. Også denne gong har me få kjelder som rapporterer om stoffet. Me vel likevel å presentera kokain som eit hovudfunn i denne rapporten, noko som kjem av at me denne perioden har fått informasjon frå fleire kjelder i trendpanelet om auke i bruk av dette rusmiddelet. Dette blir også rapportert om frå personar som ikkje tidlegare har høyrte at kokain har vore å få tak i her.

Metadon visar ein nedgang både i legalt sal og illegal bruk. Dette samsvarar med funn frå Bergen. Det «fins ikkje» gatesal av Metadon, blir her sagt, medan anna buprenofin som Subutex er tilgjengeleg. Men også for Subutex ser me ei utflating denne perioden.

Når det gjeld fleire av dei støste hovudfunna me har referert til i tidlegare Føre Var-rapportar, ser me no ei stabilisering. Dette gjeld mellom anna for cannabis, Rivotril og dopingmidlar. Dopingmidlar har me via ekstra merksemd til i denne utgåva av Føre Var, då me har som spesialfokus ein artikkel om kartlegginga som er gjort om bruk av dopingmidlar blant ungdom og unge vaksne i Stord og Fitjar denne våren.

Lyrice og LSD er stoff som me no har fått opplysningar om at har dukka opp i rusmarknaden. Desse vil me følgje med vidare, for å undersøke om det held fram og breier om seg.

Me refererer til Føre Var- rapportane som kjem ut i Bergen kvart halvår også i Føre Var for Stord. Dette fordi me ofte ser at rustrendar og -tendensar i Bergen kan vere med på å forklare tilgang på og bruk av ulike rusmiddel på Stord. I rapporten som Kompetansesenter rus – region vest Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene nyleg gav ut, er hovudfunna for denne perioden:

- Auke i tilgang på cannabis
- Nedgang i tilgang på og bruk av heroin
- Stabil tendens for Metadon og buprenofin
- Nedgang i tilgang på og bruk av GHB

Avslutningsvis vil me takke alle som har hjelpt oss med å dele av sin kunnskap om rusfeltet i Stord kommune, slik at Føre Var-kartlegginga igjen har blitt mogeleg å gjennomføra. Me vonar rapporten kjem til nytte for fagpersonar, politikarar og andre som er interesserte i lokale rustrendar.



Appendiks

Skalaforklaring

I tabell 1 har me brukt følgjande skala for å identifisera endringar i løpet av dei siste seks månadane for kvart rusmiddel, og verdien er rutinedata gjeve i tabellane og analysetabellane.

Skala for beslagsdata, salstal apotek og media

- 1 = sterk auke dvs. frå +75% og oppover
- 2 = gradvis auke dvs. mellom +25% til +74%
- 3 = ingen endring dvs. mellom +24% til -12%
- 4 = gradvis nedgang dvs. mellom -13 til -37%
- 5 = sterk nedgang dvs. frå -38% og nedover

Skala for data om alkoholsal

- 1 = sterk auke dvs. frå +11% og oppover
- 2 = gradvis auke dvs. mellom +5% til +10%
- 3 = ingen endring dvs. mellom +4% til -4%
- 4 = gradvis nedgang dvs. mellom -5% til -10%
- 5 = sterk nedgang dvs. frå -11% og nedover

Skala for nøkkelinformantar

- 1 = gjennomsnittet ligg frå 2,3 og oppover
- 2 = gjennomsnittet ligg mellom 2,4 og 2,6
- 3 = gjennomsnittet ligg mellom 2,7 og 3,3
- 4 = gjennomsnittet ligg mellom 3,4 og 3,6
- 5 = gjennomsnittet ligg frå 3,7 og nedover

Ulike skalaer er brukt for å identifisera endringar for kvart enkelt rusmiddel og gje dei ein verdi i løpet av dei siste seks månadane. Me nyttar ein meir sensitiv skala der talmaterialet er lite. Analysetabellen nedanfor er ikkje vekta.

Skala for talmateriale under 5

Når talet er 5 eller mindre blir dette indikert med teiknet * bak oppgjeven tendens.

Når talmaterialet er under 5, blir ikkje sterk/ svak brukt (1 eller 5), men berre inga endring eller gradvis auke/nedgang (2*, 3*, 4*).

Dersom talmaterialet går frå 0 til 0, blir dette indikert med teiknet '-' og ikkje med 3*.

Endrast talmaterialet berre med 1, gjev dette inga endring = 3*.

Endrast talmaterialet med 2, gjer dette enten ei gradvis auke = 2*, eller ein gradvis nedgang = 4*.

Tabell 1: Samanfating av statistiske data, informasjon frå trendpanel og media i høve til rustrendar

Rusmiddel	VitusLeirvik Apotek	Apotek 1 Stord	Apotek 1 Heiane	Toll mengde	Toll beslag	Sambon / Silletto	Osvald	Rema Heiane	Rema Bjelland	Ica Nær / Matkroken	Media	Vinmonopolet	Trendpanel Brukstrend	Trendpanel Tilgang
Alkohol				1	3	5	5	5	5	5	1	3	3	3
Cannabis				5	4*						3		2	3
Syntetisk cannabis				2*	3*								4*	3*
Heroin											3*		3	3
Subutex	3	3		1	3*						3*		3	3
Subuxone	5	4	1										3	3
Metadon	5	5	5										5	3
Dolcontin	4	1	4										3	3
Stesolid	3	3	3										3	3
Vival	3	3	3										2	3
Valium	3	3	3	2*	3*								3	3
Sobril	4	3	3	5	2*								3	3
Rivotril	3	4	3	4*	3*						3*		2	3
Flunitrazepam (rohypnol, flunipam)	2*	4*	2*								3*		3	3
Xanor	5	1	2*	2*	2*								1	3
Temgesic	3	4	1										3	3
Amfetamin				2*	2*						4*		1	1
Kokain													1	3
Ecstasy				2*	3*						2*		3	3
Dopingmidlar				3	3*						2*		3	3
GHB				3*	3*								4	4
Alkohol sesong				1	3	5	4	3	3			3		
Vekting	x2	x2	x2	x2	x2	x2	x2	x3	x3	x3	x1	x4	x4	x4

1 = sterk auke
2 = gradvis auke

3 = inga endring
4 = gradvis nedgang

5 = sterk nedgang
* = visar at det er snakk om svært små tal

Vekting av kjeldene

Informasjonskjeldene blir kategorisert og vekta avhengig av kor pålitelege dei er i høve til å indikera rusbruk og tilgang.

Størst vekt (gonger fire) er gjeve alkoholsal frå Vinmonopolet og informasjon frå nøkkelformantar. Desse data gjev relativt gode indikasjonar på faktisk bruk og tilgang.

Nest størst vekt (gonger tre) er gjeve salsdata frå apoteka og Rema 1000.

Medium vekt (gonger to) er gjeve Tollvesenet sine beslagsdata og alkoholsal frå utestadane.

Minst vekt (gonger ein) er gjeve media og låge førekomstar av funn, uavhengig av kjeldeopphav (dette gjeld dei som er markert med stjerne i tabellen).

Endringane me gjengir, er førre periode (april - september 2013) samanlikna med den siste perioden (oktober 2013 – mars 2014).

Analysetablellane inneheld verdiar på ein skala frå 1 til 5, og tala angir ulike tendensar for kvart rusmiddel i løpet av de siste seks månadane.

Samandrag av trendverdiar - ikkje vekta og vekta for spesifikke rusmiddel

For å identifisera forskjellige mønster blant dei forskjellige rusmiddel, samanfattar tabellen nedanfor verdiane når dei ikkje er vekta og etter at dei er vekta.

Tabell 2: Samandrag av verdiar

Rusmiddel	IKKJE VEKTA					VEKTA					SUM		DIFFERANSE	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	+	-		
Alkohol	2		4		5		3		14		13	6	26	-20
Cannabis		1	2	1	1			4	5	1	2	4	5	-1
Syntetisk cannabis		1	2	1				1	2	1		1	1	0
Heroin			3						9			0	0	0
Subutex	1		6				2		14			4	0	4
Subuxone	1		2	1	1		2		8	2	2	4	6	-2
Metadon			1		4				4		10	0	20	-20
Dolcontin	1		2	2			2		8	4		4	4	0
Stesolid			5						14			0	0	0
Vival		1	4					4	10			4	0	4
Valium		1	6					1	15			1	0	1
Sobril		1	4	1	1			1	12	2	2	1	6	-5
Rivotril		1	5	2				4	10	3		4	3	1
Rohypnol		2	3	1				2	9	1		2	1	1
Xanor	2	3	1		1		6	3	4		2	15	4	11
Temgesic	1		3	1			2		10	2		4	2	2
Amfetamin	2	2		1			8	2		1		18	1	17
Kokain	1		1				4		4			8	0	8
Ecstasy		2	3					2	9			2	0	2
Dopingmidlar		1	4					1	11			1	0	1
GHB			2	2					2	8		0	8	-8
Alkohol Sesong	1		4	1	1		2		12	2	2	4	6	-2

Utrekning av differanse

Differansen for kvart rusmiddel baserar me på ei summering av positive og negative verdiar. Me ser altså på 1'arane og 2'arane, som indikerar ei auke (positive verdiar), i høve til 4'arane og 5'arane, som indikerar ein nedgang (negative verdiar).

Takk til.....

- Alle i trendpanelet
- Bergensklinikkene
- Vitusapotek Leirvik, ved Hege Kvalnes
- Apotek 1, ved Steinar Vik
- Apotek 1 Heiane, ved Einar Fjelldal
- Rema 1000 Heiane, ved John Ståle Eldøy
- Rema 1000 Bjelland, ved Eivind Birkeland
- Matkroken Leirvik, ved Solveig Skulstad
- Vinmonopolet, ved Jens Nordahl
- Politiet på Stord
- Tollvesenet
- Utestadane Stiletto/Samson, Frugård, Osvald
- Vektor Prosjekt AS

Litteratur

Berger, C. og Staveland-Sæter, J.H. (02/2013):

Føre Var: Kartlegging av rustrendar i Stord kommune

Flesland, L. og Knoff, R.V. (2013): Føre Var rapport 01/14
Stiftelsen Bergensklinikkene

Mounteney, J. og Leirvåg, S.-E. (2007). Føre Var: Kartlegging av rustrender, Manual. Stiftelsen Bergensklinikkene

Stord Kommune (2014): Bruk av Anabole Steroider blant ungdom og unge vaksne i alderen 13-23 år i Stord og Fitjar kommune. Lokal undersøking Stord/ Fitjar – rapport 01- 2014

www.fhi.no

www.felleskatalogen.no

*Kopi av rapporten kan ein få ved å venda seg til
Utekontakten, Stord kommune, tlf. 53 49 66 44
Utekontakten@stord.kommune.no*



Utekontakten, Stord kommune
tlf. 53 49 66 44
utekontakten@stord.kommune.no